

# Kyrkjeposten



Informasjonsblad for Etne og Skånevik sokn

September 2019



**Kyrkjerotter i Skånevik**

*sjå side 17*

**Kyrkje-  
valet  
2019**



## Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik:  
Eli Synnøve S. Garvik  
Soknerådsleiar Etne: Arnold Solheim  
Leiar i Etne kyrkjelege fellesråd:  
Reidar Leknes

Adresse: Enge 5, 5590 Etne  
Telefon: 53 77 11 70

### Tilsette:



Aud Jorunn Grønstad Baustad  
Kyrkjeverje  
kyrkjeverja@etnekyrkja.no  
96 01 68 64



Randi Frette  
Kyrkjelydssekretær  
sakshandsamar@etnekyrkja.no  
53 77 11 75



Per Hjemdal  
Sokneprest i Etne  
soknepresten@etnekyrkja.no  
41 12 65 49



Randi Matre  
Kyrkjelydspedagog  
tru@etnekyrkja.no  
99 64 36 74



Bjørn Stødle  
Kyrkjegardsarbeidar  
kga@etnekyrkja.no  
91 19 99 60



Solveig Sørheim  
Organist  
organist@etnekyrkja.no  
40 28 68 71

# Andakt

Eg er kristen fordi eg er døypt til namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande og ikkje sidan har teke avstand frå denne trua. Så enkelt og så vanskeleg.

Jammen, jammen, seier både eg sjølv og andre; kan det vere så enkelt? Og det kan det ifølge den kristne trua og tradisjonen. I samband med dåpen plar me lese eit Jesus-ord om at den som ikkje tek imot Guds rike som eit lite barn, kan ikkje koma inn i det. Dette ordet har eg undrast mykje på, og gjer det framleis. For kva vil det seie å ta imot Guds rike som eit lite barn? Det beste svaret eg til no har på dette spørsmålet, er det eg har skrive i fyrste setninga her. For å kunne svare slikt og tru det, må ein vel vere ganske enkel i hovudet, nett som eit lite barn, og ikkje gjere det for vanskeleg.

Kva vil det så seie å leve som ein kristen? Fyrst og fremst å halde fast på den trua at Gud har gjort meg til ein kristen i dåpen. Når det gjeld tilhøvet mitt til Jesus, trur eg det sentrale der er å vera open for det dei fyrste kvinnfolka som kom til Jesus grav og der fekk oppleve noko som dei ikkje kunne seia på anna vis enn med orda; han var død, men sjå han lever.

Dei fleste vil nok seie at slikt går ikkje an. Fornufta og røynsla seier det same. Dessutan er det sjølvmotseiande og ulogisk. Og likevel; kanskje dette er den djupaste sanning, kanskje det er det sannaste av alt når alt eingong kjem til alt. Eg vil gjerne vere open for det. Det kallar eg tru. Alt det andre er mest kommentarar til dette.

Elles freistar eg leve som fornufta og dei 10 boda seiar. Det viktigaste av dei er kanskje det fyrste bodet om ikkje å ha andre gudar.

*Tore Thomassen*

# Om du kjem til kyrkje i haust

Om du kjem til kyrkje i haust, til gudsteneste, barnedåp eller kan hende gravferd, så kan det godt vere du treff ein hyggeleg, eldre prest, som nok kunne vore ... pensjonist?

Vel, han er pensjonist, og heiter Tore Thomassen. Men som han seier: Noko av gleda ved å vere pensjonist er fridom til å gjere det ein likar best! Tore likar godt å vere prest. I ein litt uavklart situasjon kva angår kven prosten har tilgjengeleg for teneste i den ledige prestestillinga i Skånevik, har Tore stilt seg til teneste.

Det var ikkje sjølv sagt at han kunne det. Eigentleg var han økonomi-utdanna, men så fekk han likevel lyst til å studere teologi. Då han var ferdig i 1979 blei det 3 år som prest i Nidaros bispedøme, før personlege forhold gjorde at nei, det måtte visst heller bli økonomifag han arbeidde med.

Men sjølv etter fullført økonomiutdanning, ville Tore stadig meir. Difor las han jus på sida av arbeidet - det var spanande! I 1986 byrja han å jobbe som jurist i politiet, før han blei dommarfullmektig. Etterpå vende han attende til oljenæringa som advokat i eit amerikansk oljefirma.

Men i 1996 gjekk vegen til Balkan og krigsoppgjeret etter krigen mellom Serbia og Bosnia-Herzegovina. Tore Thomassen arbeide med overvaking av rettsoppgjeret før han byrja som militærprest i de norske militærstyrkane i landet. Sidan fortsette han som juridisk rådgjevar for dei same styrkane.

Etter ei tid med eigen advokatpraksis heime i Stavanger, blei han tingrettsdommar i Hammerfest. Då hadde han alt byrja å ta opp att prestegjeringa, som ferievikar. For Tore tenker om ferie det same han tenker om pensjonisttilvære: Er det ikkje ferie når ein gjer noko heilt anna? Iallfall når det er noko ein gler seg over!



For nesten 10 år sidan gjekk turen igjen tilbake til Balkan, denne gang som internasjonal straffedommar i Kosovo. Sjukdom melde seg og gjorde at Tore måtte gje seg etter 5 år der, men som han seier: "Eg har gjeve nokon tusenår i fengsel. Men det var mykje vondt som hendte under krigen, og mykje fælt eg har høyrd." Likevel er Tore viss på at ein treng den verdslege rettferda, fordi vondskapen må haldast i sjakk.

No møter vi han som prest i Etne og Skånevik. Eg spør: Kor ligg identiteten din då, etter så mange år som advokat og dommar, men samtidig økonom og presteutdanna?

Svaret kjem kjapt: "Det er prest eg eigentleg er! Eg elsker bøkar og tekstar og tolking av desse. Det var mykje av det i dommargjeringa, men Guds ord er av eit heilt anna kaliber. Å vere prest for Herren gjev djupast meining og er min identitet. Som utøvar av verdsleg makt har eg også sett at Guds rettferd og nåde er noko uendeleg mykje større!" Og han avsluttar med eit smil:

"Dessutan er eg glad i det absurde. Og kva er meir absurd enn at Jesus var død, men lever likevel? Det vil eg forkynne!"

Per Hjemdal

# Prestetenesta i Skånevik og Etne



Etter at Stein Ove Skadal avslutta si teneste som sokneprest i Skånevik, gjorde Tore Thomassen teneste fram til midten av august. Mange har gitt gode tilbakemeldingar på den prestenesta han har

utført. I Kyrkjeposten kan du bli betre kjend med Tore.

## **Tore Thomassen held fram**

Vi kan no melda at Tore held fram i prestenesta i Skånevik og Etne sokn i september og oktober. Vi er takksame for denne løysinga og trur det vil bli fint for kyrkjelydane.

## **Per Hjemdal sokneprest**

Vi er takksame for at sokneprest Per Hjemdal held fram, no som sokneprest i begge sokna. Per vil og ha ansvar for konfirmantarbeidet både i Etne og Skånevik sokn.

## **Plan vidare?**

Det vil vere prestenesta i sokna til å ha gudstenester i tråd med gudstenesteforordninga og utføre dei oppgåvene som ligg til prestane si teneste.

## **Krevjande rekrutteringssituasjon**

Som meldt og i riksnyhende og som døme frå Kvinnherad syner, er det krevjande å rekruttere til ledige prestestillingar. Samtidig har vi i Sunnhordland tilgang på gode presteresursar m.a. frå pensjonistar.

## **Egil Larsen**

I november vert Reidar Ådnanes prostiprest i Sunnhordland. Reidar bur på Stord og vil få ein del av si presteneste der. Det betyr at prostiprest Egil Larsen som bur i Trovåg mellom Isvik og Vikebygd, får avløyning og er klar for nye oppgåver. Det er ei glede å kunne melde at Egil Larsen frå november vil gjere presteneste i Skånevik og Etne sokn.

*Svein Arne Theodorsen,  
prost i Sunnhordland prosti*



I haust er det søndagsskule i Etne kyrkje kl. 11.00 på desse søndagane:

8. september  
20. oktober  
27. oktober  
3. november  
24. november

**VEL MØTT!**

# Prosjekt-country-kor

Enda ein gong svingar kyrkjedøra på vid vegg og innbyd alle til å vere med, når organist Solveig Sørheim steller i stand prosjektkor igjen. Denne gongen er målet å synge glad og oppløftande country!

Det er ein rik skatt av salmar og åndelege songar som er tolka i country-musikkens tonespråk. Slagarar som "Amazing Grace" eller "Just a closer walk with Thee" har stått på repertoaret til mange. Store songarar som Johnny Cash eller Dolly Parton har vore tydeleg på si tru og sitt budskap om Meisteren.

Difor er det eit rikt tilfang av originale countrysongar, samt rikt høve til sjølv å arrangere kjente salmar som gjev Solveig nok å velje mellom. Av og til er det muskarane som tar trua med seg inn på sin arena. Men som bærer av ein glad budskap kan kyrkja gjerne snu på det og by musikken inn hjå oss.

Målet for prosjektet er stor konsert til våren! Og oppfordringa er iallfall klår: Vi treng songarar! Både dei som har tatt del i korpro-



sjekta før, og nye! Solveig ramser opp kriteria for å vere med: Ein må vere glad i country *eller* glad i å synge *eller* glad i kyrkja! Om ein er glad i alt på ein gong må ein rekna seg som sjølvskreven!

Har du aldri sunge i kor før? Då er kanskje dette akkurat det høve du har venta på – anten du veit det eller ikkje. Solveig sluttar: Utan å diskriminere nokon, trengs det særleg menn! Vi har ein god, men litt liten gjeng trivelege mannfolk allereie, og vil gjerne ha fleire! Kom og bli med, uansett kjønn!



## Prosjektkor - Country

**Dag:** Kvar torsdag frå 12. september

**Tid:** 19.30-21.00

**Stad:** Etne kyrkje

**Konsert:** Me skal synge eit par songar på kyrkja sin julekonsert, og så blir det stor countrykonsert til våren.

# Bibelhelg

Det har blitt ein tradisjon i kyrkjelyden når hausten går mot vinter: Bibelhelg ved Kurt Hjemdal på Enge bedehus.

Også i år har Etne sokneråd gleda av å invitere til Bibelhelg! Den finn stad på Enge bedehus 25. og 26. oktober.

Kurt Hjemdal er tidlegare bibelskulerektor i Grimstad og sokneprest på Ski. Han er kjent for klår og engasjerande forkynning av Guds ord, og vel verdt å høyre på.

I år vil bibelhelga ha fokus på det som for mange er den vanskelegaste og minst tilgjengelege boka i Bibelen; Johannes openberring. Korleis skal boka bli lest, og kva handlar den eigentleg om? Det blir tre bibeltimar fredag og laurdag, samt høve til å høyre Hjemdal på gudstenesta søndag.

Nytt av året er at vi også har gleda av å høyre Reidun Hjemdal. Reidun har i mange år kåsert om og løfta fram ulike personar både i og utanfor kyrkja, som t.d. Brorson og Lina Sandell. Det er Lina Sandell som blir tema fredag kveld, og vi er glade for å ha kyrkjelyden si musikkgruppe med som god støtte for fleire av Lina Sandell sine kjære og kjente songar.



Kurt og Reidun Hjemdal er aktuelle for Etne i det sonen deira, Per, er sokneprest her. Men medan sonen har valt å bli ståande i kyrkja si teneste, reagerte Kurt Hjemdal på Den norske kyrkja sine vegval når det gjaldt bibelsyn og sentrale samlivsetiske spørsmål ved å melde seg ut av kyrkja og seie frå seg retten til å virke som prest. I staden var han pådrivar for å starte eige kyrkjesamfunn i det Normisjon Agder krets registrerte seg som eit slikt. Som pensjonist verka han som for-

standar i Norkirken i Grimstad over ein treårsperiode.

I samband med bibelhelga innbyr vi også til ein samtale mellom far og son om det å stå i eller gå frå tenesta i kyrkja, om kyrkja sine val, og om utfordringar både for Den norske kyrkja og frikyrkjene som har oppstått som reaksjon på vedtak frå Den norske kyrkja sitt kyrkjemøte. Det blir enkel servering, og rikt høve til spørsmål og samtale.

## Velkommen til Bibelhelg på Enge bedehus!

25. – 27. oktober



Fredag kl. 18.00: Bibeltime 1

Fredag ca. kl. 19.30: Kåseri og songkveld  
v/ Reidun Hjemdal: Lina Sandell.  
Musikkgruppa speler.

Imellom bibeltimen og songkvelden blir det servert enkel kvelds.

Laurdag kl. 11.00: Bibeltime 2

Laurdag ca. kl. 12.30: Bibeltime 3

Imellom bibeltimane blir det servert graut.

Laurdag kl. 19.00: Kveldsmat og samtale på Enge bedehus: "Kyrkje eller frikyrkje – om vegval og vegen vidare".

Søndag kl. 11.00: Gudsteneste i Etne kyrkje  
Per Hjemdal og Kurt Hjemdal.  
Nattverd. Offer til Normisjon.



DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkja treng gode leiarar – kven vil du gje di stemme?

Du er med på å bestemme kven som skal sitje i Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkjemøtet, Den norske kyrkja sitt «storting» i perioden 2019 – 2023.



På dei neste sidene vil du få ein kort presentasjon av alle kandidatane som stiller til val. Meir utdjupande informasjon finn du på [kyrkja.no/bjorgvin](http://kyrkja.no/bjorgvin) eller [kyrkjevalet.no](http://kyrkjevalet.no). Informasjon om kva kandidatane og listene står for og meiner om ulike saker, presenterer dei sjølve på eigne nettsider.

# Kandidatar Skånevik sokneråd 2019



REIDAR LEKNES, 1954

**Yrke:** Pensjonist

**Relevant erfaring:** Fleire periodar i Skånevik sokneråd og fellesråd

**Vil arbeide for:** Ei kyrkje der fleire kan kjenne seg heime, ivareta alle kyrkjebygningane



SILJE MALENE GARVIK, 1983

**Yrke:** Lærer

**Relevant erfaring:** Medhjelpar Tripp Trapp treff, medlem i Skånevik sokneråd medlem i trusopplæringsutvalet



ASTRID ASKELAND JOHNSEN, 1956

**Yrke:** Pensjonist

**Relevant erfaring:** Medlem i diakoniutval Styremedlem i Skånevik helselag, Styremedlem i Sunnhordland søndagskulekrets

**Vil arbeide for:** Å byggja kyrkjelyd, trusopplæring



SIGRUN ROSA EIRIKSDOTTIR, 1980

**Yrke:** Frisør, Negle og make up artist

**Relevant erfaring:** Medhjelpar på Tripp Trapp Treff



BODIL SKUMSNES, 1947

**Yrke:** Pensjonist men jobbar vakter på Valen sjukehus

**Relevant erfaring:** Tidlegare medlem i Skånevik sokneråd. Styremedlem i Skånevik helselag og Eldrerådet.

**Vil arbeide for:** Viktig at Skånevik framleis får ha prest og at presten bur i Skånevik



JULIE WAAGE RØGELSTAD, 1974

**Yrke:** Sjukepleiar ved Valen sjukehus



HILDEGUNN HAUGLAND LARSEN, 1953

**Yrke:** Butikk-medarbeidar



EINAR OLAV EINTVEIT, 1954

**Yrke:** Pensjonist

**Relevant erfaring:** Skånevik mållag

# Kyrkjevalet

8.-9. sep. 2019



LARS JARLE NESS, 1964  
**Yrke:** Sjølvstendig næringsdrivande  
**Vil arbeide for:** Natur og miljø



OLE VIDAR MELKERAAEN, 1957  
**Yrke:** Mekanikar



MAGNY LYGRE, 1962  
**Yrke:** Assistent i skulen  
**Relevant erfaring:** Soknerådsmedlem Skånevik sokneråd i fleire periodar  
**Vil arbeide for:** Barn og unge



ANNLAUG MORTVEIT SÆVAREID, 1952  
**Yrke:** Pensjonist  
**Relevant erfaring:** Medlem i Skånevik sokneråd, styremedlem i Karmsund Søndagsskulekrins, og i Utdanningsforbundet Etne.

**Vil arbeide for:** at kyrkja kan opplevast som ein god og trygg heim for alle



# Kandidatar Etne sokneråd 2019



ASTRID FAGERJORD HARBOE, 1978

**Yrke:** Miljøterapeut

**Relevante erfaringar:** Medlem i Etne sokneråd, speidarleiar

**Vil arbeide for:** Barne- og ungdomsarbeid, at alle skal kjenne seg velkommen, og meir aktivitet i kyrkja.



ANNE JORUNN LINDEVIK, 1972

**Yrke:** Lærer

**Relevante erfaringar:** Medlem i Etne sokneråd, klokkar, leiar i diverse barne og ungdomsarbeid. I styret for Etne skulemusikk.

**Vil arbeide for:** Barne- og ungdomsarbeid, korleis gjera gudstjenesta til ein plass for alle, samarbeid skule-kyrkje.



ARNOLD SOLHEIM, 1952

**Yrke:** Driftsoperatør

**Relevante erfaringar:** Medlem i Etne sokneråd og fellesråd i fleire periodar, barne og ungdomsarbeid på bedehuset. Erfaring frå kommunestyret.

**Vil arbeide for:** Kyrkja som eit godt og trygt kristent fellesskap



TONE KRISTIN FLOKKETVEDT, 1976

**Yrke:** Sjukepleiar

**Relevante erfaringar:** Medlem i Etne sokneråd og diakoninemnda til Etne sokneråd

**Vil arbeide for:** ei open inkluderande kyrkje, der alle kjenner seg velkomne.



ELISABETH VAE HAALAND, 1975

**Yrke:** Heimearbeidande

**Relevante erfaringar:** Leiar i diverse barne og ungdomsarbeid

**Vil arbeide for:** Barne- og ungdomsarbeid



SJUR AAKRA, 1970

**Yrke:** Bonde

**Relevante erfaringar:** Erfaring frå kommunestyret. Kommunal representant i Etne kyrkjelege fellesråd

**Vil arbeide for:** Ein godt driven organisasjon



HENRIETTE BAUSTAD STOPLE, 1993

**Yrke:** Barnehagelærer

**Relevante erfaringar:** Leiar i diverse barne- og ungdomsarbeid

**Vil arbeide for:** Barne- og ungdomsarbeid



REIDUN IRENE SOLBERG SANDE, 1961

**Yrke:** Sjukepleiar

**Relevante erfaringar:** Medlem i Etne sokneråd, klokkar, leiar i diverse barne- og ungdomsarbeid

**Vil arbeide for:** Eit levande kyrkjelydsliv for alle, diakoni, barne- og ungdomsarbeid

# Kyrkjevalet

8.-9. sep. 2019



MARTA ONSTEIN, 1959  
**Yrke:** Lærer  
**Relevante erfaringar:** Medlem i Etne sokneråd, speidarleiar  
**Vil arbeide for:** At kyrkja skal vera varmt inkluderande



ØYVIND KALDHEIM, 1966  
**Yrke:** Teknisk sjef Norsk stein  
**Vil arbeide for:** Dei oppgåver som melder seg! Opptatt av trusfridom, solidaritet og samarbeid, og å fremja gode relasjonar. Viktig å ivareta kyrkjebygga,



MARGUNN KJELLESVIK SANDVIK, 1952  
**Yrke:** Pensjonist, tidl. hjelpeleiar



RAGNHILD UNDERHAUG NESS, 1964  
**Yrke:** Leiar Etne tenestetorg  
**Relevante erfaringar:** Leiar i Etne Barne- og ungdomskor, og i Etne skulemusikk. Styremedlem Skakke  
**Vil arbeide for:** at barn og unge skal ha ein god oppvekst.



SOLVEIG HETLEFLÅT, 1971  
**Yrke:** Sjølvstendig næringsdrivande  
**Relevante erfaringar:** Medhjelpar i Etne soul children. Styreleiar i sanitetsforeningen.  
**Vil arbeide for:** Nestekjærleik og fellesskap



BJØRG KLUNGLAND, 1952  
**Yrke:** Pensjonist, tidl. psyk.sjuepleiar  
**Vil arbeide for:** Diakoni



HELGA AUSTRHEIM, 1979  
**Yrke:** Barnehagelærer  
**Vil arbeide for:** Barne- og ungdomsarbeid



I Bjørgvin bispedømme er det tre lister ved bispedømerådsvalet: Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Open Folkekyrkje. Listene er presentert alfabetisk. Kandidatane på kvar liste er presentert i prioritert rekkefølge.

## Bønnelista

Bønnelista vil føre vidare dei bibelske verdiane som Den norske kyrkja vart tufta på som følgje av den Lutherske reformasjonen.

Kyrkja må leiast av Guds Ord og Ande, og alle vedtak samsvare med Bibelen. Vi ønskjer optimalt sjølvstyre lokalt, der råd og medlemmer får bibelforankra trusopplæring og kurs i kyrkjelydsutvikling, i å leve som Jesu etterfølgjarar og spreie evangeliet.

Kyrkja skal oppmuntre alle i kyrkjelysten til å tene Herren etter den einskilde sine gåver og føresetnader. Vi ønskjer ei fornya kyrkje av lemer som har Jesus som Herre, og som skjjer Gud og Hans vilje gjennom bøn og tilbeding.

Sjå kandidatane på [www.bonnelista.no](http://www.bonnelista.no)



Stein Oltedal

f. 1952, pensjonert prest, Naustdal.



Solaug Anita Apelthun Sæle

f. 1951, økonomisjef, Fjell.



John Eivind Warvik

f. 1994, pioner/tømrar, Ortnevik.



Anne Kristine Torvik Christiansen

f. 1954, vernepleiar, Fjell.



Øyvind Skartveit

f. 1992, student, Tysnes.



Magdalena Steinhovden

f. 1947, pensjonert sjukepleiar, Naustdal.



Stig Bruun

f. 1968, økonom, Rådal.



Jan Frank Leirkar Christiansen

f. 1952, pensjonert vernepleiar, Fjell.



Anna Helena Bruun

f. 1974, rekneskapsfører, Rådal.



Andreas Skjelde

f. 1993, student, Slettebakken.

# Kyrkjevalet

## 8.-9. sep. 2019

## Nominasjonskomiteens liste

Det er ein nominasjonskomité som har sett opp lista. Nominasjonskomiteen er valt av representantar frå sokneråda, med eit medlem frå kvart prosti.

Lista er utarbeidd på bakgrunn av forslag frå sokneråd, ungdomsrådet i bispedømet og forslag frå medlemene i nominasjonskomiteen. Det er vidare lagt vekt på at ein skal representere ei breidde i kva kandidatane meiner i aktuelle kyrkjelege spørsmål.

Lista representerer ingen organisasjon eller interessegruppe. Saman vil vi arbeide til det beste for den lokale kyrkja.

Den enkelte kandidat presenterer seg sjølv på [nominasjonslisten.no](http://nominasjonslisten.no)



Vemund Atle Øiestad

f. 1948, pensjonist, Nordsida, Nordfjord.



Turid Fjose

f. 1969, overlege, Voss.



Per Hilleren

f. 1959, bonde, Stedje.



Mali Smemo Hjemdal

f. 1973, rådgjevar, Etne.

# Kyrkjevalet

## 8.-9. sep. 2019



**Gerhard August Hansen**  
f. 1951, pensjonist,  
Os.



**Daniel Kydland**  
f. 1997, student,  
Knarvik.



**Madli Kvamme Hannisdal**  
f. 1950, pensjonist,  
Osterøy.



**Leif Steinar Alfvåg**  
f. 1959, fagsjeksjons-  
leiar, Stord.



**Harald Berge Breistein**  
f. 1956, dagleg leiar,  
Åsane.



**Arve Kjell Uthaug**  
f. 1967, administrasjonssjef,  
Frekhaug.



**Kristian Slettebø**  
f. 1989, revisor,  
Bergen.



**Liv Oddlaug Skaaheim**  
f. 1948, pensjonist,  
Førde.



**Ingrid Grimstad**  
f. 2000, student,  
Stord.

## Open folke- kyrkje

Vi som står på lista til Open folkekyrkje vil at Den norske kyrkja skal utviklast vidare som ei open og demokratisk kyrkje som frimodig forkynner det glade evangeliet om Jesus.

Vidare vil vi arbeide for ei kyrkje som er open for alle, som fremjar menneskeverdet og som motarbeider diskriminering.

Sjå elles [www.apenfolkekirke.org](http://www.apenfolkekirke.org) for fullstendig valgprogram.



**Karl Johan Kirkebø**  
f. 1950, pensjonist,  
Bergen.



**Nora Sætre Baartvedt**  
f. 1994, teologi-  
student, Voss.



**Runar Larsen**  
f. 1997, student,  
Sveio.



**Line Berggreen Jacobsen**  
f. 1986, rådgjevar,  
Bergen.



**Oddny Irene Miljeteig**  
f. 1954, komitéleiar,  
Bergen.



**Eiel Holten**  
f. 1968, seniorråd-  
gjevar, Bergen.



**Åse Kongsvik**  
f. 1962, rettleiar,  
Leikanger.



**Erik Tørp Nilssen**  
f. 1947, pensjonist,  
Førde.



**Torill Jørgensen Frøise**  
f. 1972, gruppe-  
sekretær, Askøy.



**Håkon Glatved-Prahl**  
f. 1956, journalist,  
Alversund.



**Marit Melvær Berge**  
f. 1952, pensjonist,  
Florø.



**Christian Emil Haugen**  
f. 1990, student,  
Bergen.



**Therese Nesse Møkkelbost**  
f. 1973, administrasjons-  
konsulent, Bergen.



**Ann Elisabeth Tveit**  
f. 1972, lærar,  
Bergen.

# Kva er eit kyrkjeval?

I eit kyrkjeval kan alle medlemmar av kyrkja, frå det året dei fyller 15 år, vere med å bestemme kven som skal vere tillitsvalde i kyrkja lokalt, regionalt og nasjonalt.

## **Kvifor er alle medlemmane med å bestemme kven som skal styre kyrkja?**

Kyrkja vår er demokratisk, og alle medlemmane kan vere med å forme kyrkja. Det er viktig at det ikkje berre er dei som aktivt går i kyrkja som er med å forme den, men alle! Alle som er døypte er like mykje verd som medlem av kyrkja, og kan vere med å påverke utviklinga i kyrkja.

I kyrkjevalet kan **alle medlemmer over 15 år kan stemme** på kandidatar til sokneråd og kandidatar til bispedømeråd og Kyrkjemøtet. Ein kan velje mellom fleire lister i val av bispedømeråd, medan i soknerådsvalet er det berre ei liste.

## **Korleis veit eg at eg er medlem og kan stemme?**

Dersom du er døypt og ikkje har meldt deg ut av kyrkja er du medlem. Du kan sjekke om du er medlem ved å gå inn på kyrkja.no/medlem. Der kan du også melde deg inn, om du er utmeld. Alle medlemmar i Den norske kyrkja som er busett i soknet har stemmerett. Alle som er fødd i 2004 eller tidlegare som har stemmerett får tilsendt valkort i starten av august. Då får du òg ei brosjyre som fortel meir om valet.

## **Kven skal eg stemme på?**

I dei fleste kyrkjelydar er det berre ei liste ved val av sokneråd. Denne er sett saman av ein nominasjonskomité.

I dei fleste bispedøma kan du velje mellom kandidatar frå Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Åpen folkekirke.

Ved begge vala kan du levere lista utan å gjere endringar, men du kan òg gjere endringar for å gje ekstra stemmer til nokre personar. Du finn meir informasjon om kandidatar og lister til begge vala på kyrkjevalet.no. Her finn du også informasjon om kva endringar du kan gjere på stemmesetelen.

## **Kva er skilnaden på listene i bispedømerådsvalet?**

Listene har ulik profil, du kan besøke heimesidene til dei ulike listene for å verte betre kjent med kva kandidatane står for.

### **- Kva gjer eit sokneråd? -**

Soknerådet bestemmer kva kyrkjelyden skal jobbe med. Rådet er involvert i utforming av gudstenester, konfirmantundervisning, tiltak for born, eldre, innvandrere og andre. Soknerådet gjer ein innsats for kyrkja i lokalmiljøet og har mellom fire og ti medlemmar, i tillegg til varamedlemmar og sokneprest.

### **- Kva gjer eit bispedømeråd? -**

Bispedømerådet er dei som tilset prestar, og jobbar til det beste for kyrkja i bispedømet.

### **- Kva gjer Kyrkjemøtet? -**

Dei som vert vald inn i bispedømeråda utgjer Kyrkjemøtet, der medlemmane er med å påverke viktige retningsval på nasjonalt nivå i kyrkja. Kyrkjemøtet vert ofte omtalt som kyrkja sitt «storting».



## Her kan ein stemme:

8. sept. kl. 1230 – 1330: Etne kyrkje

9. sept. kl. 10-20: Skakkesenteret

9. sept. kl. 15-20: Sævareid skule

## Førehandsstemming:

12. aug. – 6. sept.

måndag og torsdag kl 10-16

Etne kyrkjekontor

## HUGS LEGITIMASJON

## Slik går du frem når du skal stemme:

Kirkevalget er to valg. Valg til menighetsråd og valg til bispedømmeråd og Kirkemøtet.

I alle valglokaler skal det være et sted der du i enerom og usett kan velge de stemmesedlene du vil ha og gjøre endringer.

Dette kan for eksempel være et valgavlukke eller et eget rom.

### I avlukket

- 1 Velg stemmesedlene du vil bruke, én per valg. Du kan stemme ved ett eller begge valg.
- 2 Gjør eventuelle endringer på stemmesedlene (se forklaring a-c i egen boks).
- 3 Brett stemmesedlene så ingen kan se hva du har stemt.

### Hos valgfunksjonæren

- 4 Du må vise legitimasjon. Valgfunksjonæren krysser deg av i manntallet og stempler stemmesedlene.  
NB! Stemmesedlene må ha stempel for å bli godkjent.
- 5 Legg stemmesedlene i valgurnen.

### Endringer på stemmeseddelen

- A**  Du kan levere stemmeseddelen uten å gjøre endringer. Kandidater som står øverst på listen med uthevet skrift får stemmetillegg. Alle andre på listen får én stemme hver.
- B**  Du kan gi inntil tre kandidater personstemme ved å sette merke ved navnet til kandidaten.
- C**  Ved valg til bispedømmeråd kan du gi din stemme til inntil tre kandidater fra andre lister.  
Ved valg til menighetsråd med én liste kan du skrive opp inntil tre valgbare personer i soknet.

# Sokneprest Per sin quiz o

## Livets gang

### ETNE

#### Døpte:

31.03 - Anne Møland Voie  
07.04 - Eva Ursula Væ  
07.04 - Jakob Bertinius Helgevold  
21.04 - Ada-Cecilia Lien Sørheim  
21.04 - Mathias Eikemo Krokå  
12.05 - Elena Harriet Rød Eilerås  
12.05 - Hauk Stefan Rød Eilerås  
19.05 - Olav Hundseid  
19.05 - Sofía Lililabo Jordal  
19.05 - Herman Birkenes  
19.05 - Alfred Hamre Østvold  
26.05 - Amund Hundhammer Åsbo  
26.05 - Håkon Berge  
23.06 - Bjørnar-Martin Henry Thomas  
30.06 - Ida Knudsen Teigland  
11.08 - Trygve Årak Grønstad  
11.08 - Ingleid Bjelland Ekorndrud  
11.08 - Sunniva Ebne Innvær  
18.08 - June Ness Heien

#### Vigde:

29.12 .18- Terese Kringlebotten og  
Oddbjørn Bauge  
06.04 - Karin Eikemo og  
Even Møland  
24.05 - Hanne Therese Hamre Kristiansen og  
Knut Helge Åsbo  
29.06 - Elisabeth Baustad og  
Håkon Kavli  
17.08 - Silje Stølås og  
Sjur Helge Ramstad

#### Gravlagde:

09.05 - Linda Træet  
28.06 - Sigrid Elisabeth Hamre

1) Kva for ei kyrkje i Etne kommune er bygd i 1913?

- 1: Skånevik kyrkje
- X Fjæra kapell
- 2: Frette bedehuskapell



2) Stødle kyrkje (biletet) er den 5. eldste i Bjørgvin bispedøme. Kva for ein er den aller eldste?

- 1: Moster gamle kyrkje
- X: Kvinnherad kyrkje
- 2: Mariakirken i Bergen

3) Inger Konstanse Eidhammer Lunde deltok i årets friidretts-NM som første representant frå Etne IL. Kva gjorde ho der?

- 1: Høgdehopp
- X: Spydkast
- 2: Sprint

4) Ein berømt malar var glad i motiv frå Skånevik. Kva heitte han?

- 1: Adolf Tiedemann
- X: Lars Hertervig
- 2: Odd Nerdrum

5) På hebraisk har Jesus same namn som ...

- 1: Josva
- X: Jason
- 2: Josef

6) Ein kateket er ein som først og fremst

- 1: viser omsorg for den som er i naud
- X: underviser
- 2: syng i kor

# om kyrkja og litt anna...

7) Kva dato er kyrkjevalet i år?

1: 9. september    X: 24. oktober    2: 24. desember

8) Kor mange medlemmar er det i Skånevik sokneråd?

1: 5    X: 6    2: 7

9) Kva gjer eit bispedømeråd?

1: Tilsett prestar

X: Vedtar kyrkja si lære

2: Gjev biskopen råd i personalsaker

10) Kva for ein berømt diktar er ikkje representert i salmeboka?

1: Arne Garborg

X: Johan Falkberget

2: Arnulf Øverland



## Avskil med soknepresten i Skånevik

Siste søndag i mai hadde mange funne vegen til Skånevik kyrkje for å vera med på avskilsgudsteneste for soknepresten i Skånevik, Stein Ove Skadal. KM-karane deltok med flott song og prost Svein Arne Theodorsen kom med helsing og takk til Stein Ove som no skal halda fram prestegjeringa si i Jondal i Hardanger.

Etter gudstjenesta blei det fullt opp på bedehuset der soknerådet inviterte til kyrkjekaffi med mykje godt attåt. Kollegane på kyrkjekontoret framførte Fager kveldsol smiler som avskjedshyllest. Etterpå vanka det mange gode ord, gåver og takk til soknprest Skadal.

*Siri Elisabeth Eikemo*



*Framsida:*

## Kyrkjerotter

Betty og Margunn (sjå forsida) var blant 5-åringane i Skånevik som fekk treffe rottene Vesle og Fredo i Skånevik kyrkje på Kyrkjerottesamling den 21. august. Her fekk dei møte rottene på film, ete rotteboller, lage rottesokk og bli kjent i kyrkja. Rottene lurte fælt på kven sitt hus dei var komen inn i, og kunne etter kvart konkludere med at dette er Gud sitt hus og at sonen til Gud heiter Jesus. Her er alle velkomne. Me hadde ei flott samling med aktiviteter, song og lystenning i lysgloben.

*Randi Gjellestad*

## Livets gang

## SKÅNEVIK

### Døypte:

14.04 - *Luna Åsheim Karlsen*

### Vigde:

08.06 - *Marit Kaltwasser Eljervik og*

*Jess Hopkins*

03.08 - *Birgitte Omren Holt og*

*Renè Kalbagen Tangen*

### Gravlagde:

15.04 - *Eldbjørg Lundal*

29.05 - *Sigmund Bertin Sevdal*

25.06 - *Liv Valborg Forthun*

19.07 - *Mary Taraldsøy*

# Takk til våre annonsører!



Ynskjer di bedrift å teikna annonseavtale i Kyrkjeposten?  
Ta kontakt med kyrkjekontoret!

# Gudstenestekalender



01. sep.	11.00	Skånevik	Presentasjonsgudst.	Per Hjemdal
08. sep.	11.00	Fjæra	Høgmesse	Tore Thomassen
	11.00	Etne	Presentasjonsgudst.	Per Hjemdal
15. sep.	11.00	Skånevik	Høgmesse	Per Hjemdal
	19.00	Etne	Høgmesse	Per Hjemdal
22. sep.	11.00	Grindheim	Høgmesse	Tore Thomassen
29. sep.	11.00	Etne	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
	17.00	Skånevik	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
06. okt.	18.00	Stødle	Høgmesse	Tore Thomassen
13. okt.	11.00	Skånevik	Høgmesse	Tore Thomassen
	17.00	Frette	Høgmesse	Tore Thomassen
20. okt.	11.00	Etne	Høgmesse	Per Hjemdal
27. okt.	11.00	Etne	Høgmesse	Kurt / Per Hjemdal
03. nov.	11.00	Etne	Høgmesse	Per Hjemdal
	17.00	Skånevik	Gudsteneste	Tore Thomassen
10. nov.	11.00	Etne	Familiegudsteneste	Tore Thomassen
	17.00	Fjære	Familiegudsteneste	Tore Thomassen
17. nov.	11.00	Gjerde	Høgmesse	Tore Thomassen
	11.00	Skånevik	Familiegudsteneste	Per Hjemdal
24. nov	11.00	Etne	Hovudgudsteneste	Per Hjemdal
28. nov	20.00	Gjerde	Lysmesse	Per Hjemdal



## Opningstider

Onsdag og fredag 11-16, laurdag 11-15

**Velkomen innom for ein god handel!**

# Godt kyrkjeval!

Med dette ynskjet vender eg meg til 2777 røysteføre mellom 15 og 100+, 1987 i Etne og 793 i Skånevik sokn. Kyrkja di blir glad om du tek dei ekstra stega frå kommune- og fylkestingsvalet og inn til kyrkjevalet!

Før sa me om konfirmantane at dei frå no av høyrde til i dei vaksne sine rekkjer.

Mange har vel tenkt at det var ein påstand i drygaste laget. Men no har kyrkja vald å ta ungdommen så mykje på alvor at om dei fyller 15 år i år, kan dei røysta i kyrkjevalet.

Me vil gjerne vera ei folkekyrkje og ha eit stort og godt fundament for sokneråda og bispedømerådet som skal veljast. Når eg no sit og ser gjennom dei to soknerådslistene, tenkjer eg at her er mange fine folk samla. Det kjennest bra å veta at også dei neste fire åra vil me ha gode sokneråd til å ta seg av livet i dei viktige kyrkjehusa våre og bera ansvaret for dei mange kyrkjegardane.

På bispedømerådslistene er der meir ukjende folk, men og der treff me på kjende, lokale namn. På nominasjonskomiteen si liste står Mali Smemo Hjemdal som nr 4, og på Åpen folkekirke si liste er Oddny Irene Miljeteig nr 5.


Eg trur det er viktig for mange i bygdene her at kyrkja fungerer godt i lokalsamfunnet. Me brukar henne jo, i så mange høve. Gudsteneste, dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd.

Barne- og ungdomsarbeid og tilbod til vaksne og eldre. Sentralt i alt dette sit soknerådet.

Björgvin bispedømeråd kjennest vel ikkje så nært, men og dei avgjer slikt som gjeld oss. Mellom anna om eit sokn skal få ny prest, og kven det då skal vera.

Kyrkja får snart nye råd. Dei blir nok bra, trur eg. Men nett korleis dei skal sjå ut, kven som skal sitja der, det er det du og eg som avgjer, den 9. september.

*Harald Grønnevik*



## Kirkevalget 2019

